

**MØTEBOK****Kartlegging og verdsetjing av område for friluftsliv i Fitjar kommune**

Utval sak	Utval	Møtedato
10/17	Utval for plan og miljø	07.02.2017

Vedlegg:

- 1 Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunane 2015
- 2 M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftslivområder
- 3 Friluftslivsområde_type_200117
- 4 Friluftslivsområde_verdsetting_200117
- 5 Rapport - Kartlegging og verdsetjing av område for friluftsliv i Fitjar kommune

Samandrag:

Fitjar kommune har i samarbeid med ei lokal ressursgruppe kartlagt kommunen sine friluftslivområde og gjort ei verddivurdering av det einiskilde område i tråd med ein metodikk som Miljødirektoratet har utarbeida. Resultatet av arbeidet er 2 temakart, eit for type friluftslivområde og eit for konklusjonen av verddivurderinga; svært viktig, viktig eller registrert friluftslivområde. Friluftslivkartlegging er ei statuskartlegging og skal brukast i arealplanlegging, enkeltsaksbehandling, framtidige sikrings saker og utviklingsarbeid innan friluftsliv.

Dette er ikkje ein plan og det er dermed ingen juridiske bindingar i temakartet.

For å kvalitetssikre kartlegginga vil ein no gjennomføre ei enkel høyring.

Bakgrunn:

Kartlegging og verdsetjing av område for friluftsliv er ei nasjonal satsing. Den er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv, 2013, Handlingsplan for statlig sikring av friluftslivområder, 2013 og St.melding 18, 2015-2016 Friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å koordinere arbeidet i vårt fylke, og har i brev datert 15.05.2015 tildelt Fitjar kommune kr 60.000,- til arbeidet. Fitjar kommune har i 2016 søkt fylkeskommunen om ytterlegare kr 30.000,- til å digitalisera kartlegginga, og søknaden vart imøtekomen.

SFLMK står som lokal prosjekteigar medan Kari Rydland er prosjektleiar. I Fitjar starta arbeidet opp i 2015, og det vart sett ned ei arbeidsgruppe med personar som representerte kvart sitt område av kommunen: Vestbøstad/sentrum, Øvrebygda/Koløyholmen, Fitjarfjellet, Dåfjorden, Osterneset, Strando og Øyane. Andre involverte i kommunen: Kulturkontoret v/Linn Camilla Fitjar Neergård og SFLMK v/Aase Nøttveit

Kommunen har kjøpt ekstern kompetanse til digitalisering hjå Akvator AS (No Multiconsult AS).

Kartlegging og verdsetjing av område for friluftsliv i Fitjar kommune har følgd Miljødirektoratet si handbok, Rettleiar M98-2013. Kartlegginga legg særleg vekt på

naturområde i grøntområde nær bustadområde og tettstader. Kartlegginga er rein temakartlegging og ikkje ein plan, og det er derfor ingen juridiske bindingar i kartet.

Hensikta med arbeidet er å få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag om friluftslivområda i kommunen. Friluftsliv areal i kommunen har stor verdi for å skape identitet og trivsel. Dei er viktig for det helsefremjande arbeidet og ein viktig ressurs også for næringslivet i kommunen. Målet med arbeidet er:

1. Sikre god tilgang på relevant friluftslivinformatjon i kommunen sitt eige arbeid og for eksterne partar.
2. Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for utviklingsarbeid innan friluftsliv i kommunen.

Resultatet av arbeidet er eit digitalt temakart som vert lagra i Naturbase, med kommunen som eigar av datasettet. Naturbase er eit datahotell i denne samanhengen, og datasettet vert lasta inn i kommunen sitt eige digitale verktøy ved ferdig kartlegging.

Gjennomføring:

I dag er det ei regional kartlegging av friluftsliv som er lagt inn i Naturbasen. Når den lokale kartlegginga er ferdigstilt, vil me få ei meir detaljert kartlegging og verdisetjing av friluftslivområda i kommunen.

Ved starten av prosjektet hadde me allereie ei kartlegging av statleg sikra friluftslivområde, samt ei barnetråkk undersøking som vart laga av Akvator i samband med siste rullering av kommuneplanen sin arealdel. Det vart også gjort ei uformell kartlegging av friluftsliv i øyane i 2013 i samband med øyaplanen, men denne er ikkje teken med i det nye temakartet.

Områda er avgrensa i kart og kategorisert etter type bruk. Deretter er areala verdisett, og det er gjeve ein egen skildring for kvart område i form av eit faktaark som klargjer kvalitetar og korleis det vert brukt. Verdisetjing av friluftslivsområde vil aldri vere heilt objektiv, men metodikken gjer at kartlegginga kan etterprøvast, og vurderingane er synlege for dei som skal bruke kartlegginga. Bruk av same metodikk sikrar at resultatet blir mest mogleg representativt for dagens friluftslivsbruk.

Arbeidet med å teikne inn ulike typar friluftslivområde på manuskart har skride fram sakte, men sikkert, i tett samarbeid med velviljuge ressurspersonar. Årsaka til at digitaliseringa vart noko utsett er at me håpa å få på plass intern kompetanse til å utføre den delen av arbeidet. Når dette ikkje lukkast falt valet på å kjøpa inn denne tenesta hjå Akvator AS. Sjølve verdisetjinga av friluftslivområda er gjort i ressursgruppa etter gitte verdisetjingskriterier i handboka. Området endar då i ei av følgjande kategoriar: A-svært viktig, B-viktig eller C- registert friluftslivområde.

Resultatet av arbeidet så langt går fram av vedlagt rapport og 2 kart.

For å auke kvaliteten på arbeidet og sikre lokal forankring vil ein leggje ut kartlegginga til offentleg ettersyn.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utval for plan og miljø tek arbeidet med friluftslivskartlegging og temakartet til orientering, og ber SFLMK gjennomføra ei enkel høyring.

Behandling i Utval for plan og miljø - 07.02.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

Atle Ternes
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

